



**Midsund kommune**  
**Servicekontoret**

**MOTTATT**

**21 SEPT. 2015**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 Molde

## Melding om vedtak

**Vår ref:**  
2014/347/16/026

**Deres ref:**

**Saksbehandlar:**  
Astrid Abelseth

**Dato**  
17.09.2015

### Oppretting av sonderings- /forhandlingsutval

Sender med dette melding om vedtak i ovannemnde sak:

#### Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 03.09.2015

- 1.Midsund kommunestyre opprettar forhandlings-/sonderingsutval med følgjande medlemmar. Ordførar, varaordførar, gruppeleiar for det største «opposisjonspartiet, samt rådmannen.
2. Utvalet skal i første omgang gjere sonderingar mot andre kommunar. Utvalet kan sjølv ta initiativ overfor nabokommunar, eller møte nabokommunar når Midsund kommune vert invitert.
- 3.Før ein inngår forhandlingar om intensjonsavtale skal det fremmast sak for kommunestyret.

Med helsing

Astrid Abelseth  
Utvalsekretær

**Postadresse**  
Midsund  
6475 Midsund  
**E-post:** [postmottak@midsund.kommune.no](mailto:postmottak@midsund.kommune.no)

**Besøksadresse**  
Utsidevegen 131  
[www.midsund.kommune.no](http://www.midsund.kommune.no)

**Telefon**  
71 27 05 00  
**Telefaks**  
71 27 05 01

**Bank**  
4202.42.79922  
**Org.nr**  
964 981 159



**Midsund kommune**  
Rådmannen

**Arkivsak:** 2014/347-14  
**Arkiv:** 026  
**Saksbeh:** Ketil Ugelvik  
**Dato:** 29.06.2015

## Saksframlegg

### Oppretting av sonderings- /forhandlingsutval

Utvalsak	Utval	Møtedato
15/49	Formannskapet	24.08.2015
15/47	Kommunestyret	03.09.2015

#### Forslag til vedtak:

- 1.Midsund kommunestyre opprettar forhandlings-/sonderingsutval med følgjande medlemmar. Ordførar, varaordførar, gruppeleiar for det største «opposisjonspartiet, samt rådmannen.
2. Utvalet skal i første omgang gjere sonderingar mot andre kommunar. Utvalet kan sjølv ta initiativ overfor nabokommunar, eller møte nabokommunar når Midsund kommune vert invitert.
- 3.Før ein inngår forhandlingar om intensjonsavtale skal det fremmast sak for kommunestyret.

#### Samrøystes vedtak i Formannskapet - 24.08.2015

- 1.Midsund kommunestyre opprettar forhandlings-/sonderingsutval med følgjande medlemmar. Ordførar, varaordførar, gruppeleiar for det største «opposisjonspartiet, samt rådmannen.
2. Utvalet skal i første omgang gjere sonderingar mot andre kommunar. Utvalet kan sjølv ta initiativ overfor nabokommunar, eller møte nabokommunar når Midsund kommune vert invitert.
- 3.Før ein inngår forhandlingar om intensjonsavtale skal det fremmast sak for kommunestyret.

#### Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 03.09.2015

- 1.Midsund kommunestyre opprettar forhandlings-/sonderingsutval med følgjande medlemmar. Ordførar, varaordførar, gruppeleiar for det største «opposisjonspartiet, samt rådmannen.
2. Utvalet skal i første omgang gjere sonderingar mot andre kommunar. Utvalet kan sjølv ta initiativ overfor nabokommunar, eller møte nabokommunar når Midsund kommune vert invitert.
- 3.Før ein inngår forhandlingar om intensjonsavtale skal det fremmast sak for kommunestyret.

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn:

Bakgrunnen for kommunereforma er presentert i tidlegare saker til kommunestyret.

Målet for reforma, samt nasjonal prosess- og milepælsplan, finn ein på regjeringa sin nettstad [www.kommunereform.no](http://www.kommunereform.no). Midsund kommune sin milepælsplan vart justert i møte 18.06 i K-sak 15/39. Vidare viser ein til milepælsplan for ROR, vedteke i møte 10.08.2015. Planen følgjer saka som vedlegg.

### **Utgreiingar:**

Våren 2014 laga Agenda Kaupang eit forprosjekt for Aukra og Midsund.-sluttrapporten ferdig i juni 2014. Vidare har Telemarksforsking på oppdrag for Romsdal Regionråd bidrege med utgreiingar for Midsund kommune. Sluttrapporten vart presentert 20.mai. Desse rapportane finn de på nettstaden til Midsund kommune, samt på nettstaden til Telemarksforsking ([www.telemarksforsking.no](http://www.telemarksforsking.no)).

Midsund kommune var med i 6 ulike alternativ

I K-sak 15/40 vedtok kommunestyret at ein skulle redusere talet på alternativ til tre. Etter det sit vi att med desse alternativa:

Alternativ 1: Aukra-Midsund

Alternativ 2: Heile ROR- Molde, Vestnes, Rauma, Midsund, Aukra, Fræna og Eide

Alternativ 3: Aukra, Midsund og Vestnes.

### **Vidare prosess:**

Telemarksforsking si tilråding er straks å oppnemne eit forhandlingsutval. Fleire kommunar har valt å kalle det for sonderingsutval og utvalet er i dei fleste kommunane slik samansett: ordførar, varaordførar, ein frå opposisjonen + rådmann.

### **Vurdering:**

Midsund har redusert talet på alternativ og oppnemning av forhandlings-/sonderingsutval bør skje no slik at utvalet kan kome i arbeid raskast råd etter valet. Rådmannen rår til at Midsund vel eit utval på fire personar der tre er politikarar. Kommunane i vår region har ulik ståstad, fleire har enno ikkje teke stilling i kva retning dei skal vende seg medan det for andre kommunar er snakk om eitt eller to alternativ. Regionrådet spelar her ein viktig koordinerande rolle.

I milepælsplanen til ROR har ein sett 1.november som frist for førebuande samtalar og 15.november som frist for innleiande forhandlingsfase. I fleire av dei samanslåingane som er gjennomført frivillig dei siste åra er det signert intensjonsavtalar som grunnlag for høyringa av innbyggjarane. Innhaldet i slike intensjonsavtalar har t.d vore:

- Kva vil vi oppnå med samanslåing (hovud – og delmål)
- Kommunesenter
- Kva skal namnet vere?
- Korleis gjere dei kommunale tenestene betre ?
- Lokalisering av kommunale funksjonar
- Korleis handtere dei tilsette

Rettleiaren utgitt av Kommunal og moderniseringsdepartementet har fleire døme på slike intensjonsavtalar. Det er krevjande å kome fram til slike avtalar- det krev godt leiarskap, god medverknad og forankring. Rådmannen rår til at før ein går i forhandlingar om intensjonsavtale må det fremmast sak for kommunestyret. Gode prosessar er eit viktig stikkord. Rådmannen legg

ved intensjonsavtalen mellom kommunane Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Hyllestad, Jølster og Naustdal kommunar. Denne avtalen synleggjer kva utfordringar vi står overfor.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Arbeidet vil krevje ein del ressursar til møteverksemd.

Ketil Ugelvik  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**